



AGATUNET

Hordaland fylkeskommune

02 JUN 2014

Hordaland fylkeskommune

Aga, 27. mai 2014

SØKNAD OM STØTTE TIL FELTSEMINAR I AGATUNET

Bakgrunn

Det er sterkt ynskje, både nasjonalt og internasjonalt å starta opp eit forskingsprosjekt om mellomalderen på Aga der både bygningar, kyrkje og rettshistorie, saman med kvardagsliv, kan fokuserast på. Det vil også vera ynskjeleg med dokumentasjon av bygningsmiljøet, (3D fotogrammetri, laserscanning) i tillegg til dendrokronologisk datering av tømmeret i ein del av husa på Aga.

Mål

I eit nasjonalt pilotprosjekt finna ut mest mogeleg om denne garden i mellomalderen. I neste omgang vil dette ha overføringsverdi til andre tilsvarande mellomalderanlegg.

DEL 1 OPPSTART: HISTORISK FELTSEMINAR PÅ AGA

Hardanger og Voss museum vil arrangera eit feltseminar i Agatunet 17. – 19. september 2014. Til seminaret inviterer me forskarar og fagpersonar som på ulikt vis har relevant kunnskap om mellomalderen og Agatunet. Seminaret vil byggja på bygningane og tunet, med tillegg av Guttorm Rogdaberg sin bygningstekniske rapport, anna historisk materiale, og resultat av dendrokronologiske undersøkingar tekne sommaren 2012. Tanken med seminaret er å føra saman ulike fag og perspektiv, og på den måten finna fram til ny kunnskap. Seminaret vil og leggja grunnlag for arbeid med søknad om midlar til eit fleirårig forskingsprosjekt.

I forkant av seminaret vert det utarbeida eit kompendium til deltakarane med grunnlagsinformasjon om Aga. Nokre av deltakaren vil og bli spurd om å halda eit foredrag eller innleia til diskusjon. Foredraga og konsentrat av diskusjonane vert samla og trykt etter at feltseminaret er gjennomført.



AGATUNET

Budsjett

Utgifter

Reiseutgifter	kr 30.000,-
Overnatting 2 netter, 20 pers. a kr 2000,-	kr 40.000,-
Honorar	kr 10.000,-
Matkostnader	kr 10.000,-
Kompendium, trykking av foredrag	kr 10.000,-
Sum	kr 100.000,-

Finansiering

Hardanger og Voss museum	kr 40.000,-
Hordaland fylkeskommune	kr 10.000,-
Ullensvang herad	kr 10.000,-
Hardanger historielag	kr 5.000,-
Rieberfondene	kr 5.000,-
Hordaland fylkeskommune, ny søknad	kr 30.000,-
Sum	kr 100.000,-

Hardanger og Voss museum er merksam på at Hordaland fylkeskommune ynskjer at alle institusjonar sender samla prosjektsøknadar saman med søknad om driftsstøtte. Me har diverre sett at dette prosjektet blei meir kostnadskrevjande enn fyrst antatt og me tillèt oss derfor å senda ein separat søknad til feltseminar i Agatunet prosjektet på kr. 30.000,-.

Beste helsing

Trude Letnes

Direktør

Hardanger og Voss museum

Agnete Sivertsen (s)

Styrar Hardanger folkemuseum og
Agatunet





AGATUNET

AKTUELLE DELTAKARAR OG LITT OM DEIRA BAKGRUNN:

- Øystein Ekroll *Mellomalderarkeolog, tilsett ved Nidaros domkirkes restaureringsarbeid. Spesialist på mellomalderbygningar i tre og stein, Forfattar av fleire bøker, bl a boka «Kleber og kalk.»*
- Barbara Crawford *Professor emeritus (reader) i arkeologi ved University of St Andrews, Scotland. Har særleg arbeidd med arkeologiske utgravingar av norrøne busetjingar på Shetland. Tidlegare president i British archological society. Medlem av det Norske vitenskapsselskap.*
- Ragnheidur Throsturadottir.-Ass. professor ved Universitetet på Holar, Island. Viking og mellomalderarkeologi med hovedvekt på bygningskonstruksjonar. Har arbeidd med utgravingar av bispesetet Hòlar i Hjaltadal, Island.
- Jørn Øyrehagen Sunde *Professor i retts historie UiB. Leiar for forskargruppa for Rettskultur og Landslovprosjektet 2014. Medforfattar, bl a av boka om riksråden Audun Huggleikson.*
- Knut Helle *Professor mellomalderhistorie UiB. Hovedredaktør for Aschhougs Norgeshistorie. Forfattar bl a av: «Gulatinget og gulatingslova,» «Under kirke og kongemakt 1130-1350», «Konge og gode menn i riksstyringen» og «Norge blir en stat 1130- 1319».*
- Ingvild Øye *Professor i mellomalderarkeologi UiB. Forfatta ei rekkje bøker og publikasjonar, åleine, og saman med andre, særleg knytt til landskap og materiell kultur som omfattar perioden seminaret vil ta for seg. Medredaktør for verket «Norges Landbrukshistorie».*
- Marcim Gladki *Arkeolog og ingeniør. Har utvikla programvare for 3D-fotogrammetri. Driv og med laserscanning. Blandt anna på Bryggen i Bergen.*
- Trond Oalann *Bygningsvernkonsulent Hordaland fylkeskommune. 3 års høgare utdanning som handverksstipendiat i Norsk Handverksutvikling, Maihaugen. Spesialist på grindverk og laft og prøvetaking. dendrokronologi*
- NN *Riksantikvaren*
- Jan Mikal Stornes *NIKU. Stornes var kurslærer på eit kurs i dendrokronologi i Agatunet sommaren 2012, der han og tok dateringsprøvar av to av husa i Agatunet.*
- Anna Elisa Tryti *Fylkeskultursjef, Hordaland Fylkeskommune. Historikar med kompetanse som førsteamanuensis i norsk og europeisk mellomalderhistorie. Medredaktør av Vestlandshistoria der ho har skrive om kyrjelege tilhøve i mellomalderen.*
- Per Morten Ekerhovd *Arkitekt. Fylkeskonservator Hordaland Fylkeskommune. Tidl. prosjektleiar Bryggen i Bergen.*





AGATUNET

PROGRAM, HISTORISK FELTSEMINAR, AGA:

- Dag 1. kl 1200 Mottaking, fordeling av overnattingsplasser og litt mat
kl 1500 Omvising i tunet og innleiande føredrag
kl 1800 Middag i Ådnesstova
Ope foredrag i Lagmannsstova, evn konsert
Overnatting Utne Hotel/Agå
- Dag 2. kl 0730 Frukost i Ådnesstova
kl 0900 Korte foredrag med ulike faglege vinklingar.
Kaffipause
Foredrag fortset
kl 1230 Lunsj i Ådnesstova
kl 1330 Mogeleg oppdeling i arbeidsgrupper med leiar/ rapportør,diskusjon
Kaffipause
Framlegging av gruppearbeidet,diskusjon
kl 1900 Middag i Lagmannsstova med underhalding
- Dag 3. kl 0730 Frukost i Ådnesstova
kl 0900 Diskusjonar. Oppsummering og diskusjon om vegen vidare
kl 1300 Lunsj i Ådnesstova
Avreise





AGATUNET

- Arild Sætre *Arkitekt, Bygningsvernkonsulent i kulturverntenesta i Norhordland. Har arbeidt med prøvetaking, dendrokronologi.*
- Erik Opsahl *Førsteammanuensis v. Institutt for historie og klassiske fag NTNU, Trondheim. Arbeider blandt anna med temaet aristokrati, adel og andre elitegrupper. Forfattar. Sit i redaksjonsrådet for Historisk tidsskrift og i internasjonale forskargrupper.*
- Alf Tore Hommedal *Mellomalderarkeolog. Fyrsteammanuensis ved UiB. Forvaltingsansvar for det bygningsarkeologiske matrialet ved museet. Forfattar av ei rekkje artiklar særleg knytt til kyrkjelege anlegg og kloster i mellomalderen.*
- Nils Georg Brekke *Tidlegare prof i kulturvitskap UiB. Tidlegare fylkekonservator i Hordaland fylkeskommune. Professor i arkitektur og bygningshistorie BAS. Forfattar av bøker og artiklar om byggeskikk frå mellomalder og fram til 1900. Medforfattar av Norsk Arkitekturhistorie.*
- Anne Lise Brask Eriksen *Arkitekt/ målar, Bygningsvernkonsulent i Hardanger.*
- Trude Letnes *Direktør Hardanger og Voss museum. Mastergrad i kulturvitskap. Skreiv oppgåva om «Ei etnologisk studie om industribyen Rjukan» Tidlegare undervisingsleiar ved Hardanger Fartøyvernseier.*
- Agnete Sivertsen *Dagleg leiar Agatunet og Hardanger folkemuseum.(vertskap) Mastergrad kulturvitskap UiB. Skreiv om «Bunadsaum og globalisering».*
- Atle Ove Martinussen *Direktør, Museumssenteret i Hordaland. Tidlegar fagsjef ved Norsk handverksutvikling Maihaugen. Spesialist i vidareføring av levande kulturarv/handverkstradisjonar. Har og arbeidt med rekonstruksjonar av mellomalderbygg.*
- Ole Didrik Lærum *Professor (adj) i patologi ved Københavns universitet. Professor emeritus ved UiB, Har ved sida av kreftforskning drive med, og føreløse om kulturhistorie og bygningsvern ved UiB. Fleire kulturhistoriske bøker, m.a. boka «Røykestova», saman med Nils Georg Brekke.*
- Guttorm Rogdaberg *Statsstipendiat. Tidlegare styreleiar og dagleg leiar ved Agatunet. Har forska på Agatunet og står bak rapporten om mellomalderbygningane på Aga i mellomalderen. Skrive fleire artiklar om Agatunet og andre kulturhistoriske emne.*
- Elizabeth Warren *Arkeolog hjå Hfk. Har stått for utgravingar i Agatunet.*
- Erlend Hofstad *Spesialrådgjevar hjå Hfk. Arbeider med forvaltning av freda bygg.*

